



Miljødirektoratet

v/Statsforvaltaren i Rogaland

sfrompost@statsforvalteren.no

22. mars 2021

LØYVE OM UTSETTING AV UTANLANDSKE TRESLAG PÅ 190/4-5 I TYSVÆR KOMMUNE – KLAGE

Vi viser til dykkar vedtak av 4.3.2021, ref. 2020/10640.

Klagar meiner at føresetnadene for å gje løyve ikkje er til stades, og ber om at vedtaket blir omgjort til avslag.

Klagar har si merksemd på biologisk mangfald, og kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Kunnskapsgrunnlaget

Det går fram av vedtaket at Artskart er nytta som kunnskapsgrunnlag. Det går i liten grad fram korleis Artskart er brukt. Som figur 2 viser finst det ei registrering mellom lokalitetane som har ein radius på kring 700 meter. Sirkelen når i båd dei omsøkte lokalitetane og areal som kan bli påverka av vedtaket. Registreringane her er gjort i 1927 av Johannes Lid, og det blei då funne både solblom (VU), ask (VU), bakkesøte (NT) og skotsk augnetrøst (NT). Anten må ein då godta at dei nemnte artane er der i dag og at ein må vurdere om ein må ta omsyn til dei, eller så må ein sannsynleggjere at dei ikkje er der i dag. Prosedyren for dette går mellom anna fram av kartleggingsinstruksen for NiN-kartlegging, figur 3.

Inntil noko anna er klarlagt, legg vi til grunn at det kan vere solblom og bakkesøte i området, og at dette skal takast omsyn til. Vi legg til grunn at både attgroing i form av frøspreidd sitkagran og eventuelt etterfølgjande beitetiltak for å hindre attgroing kan medverke til at solblom blir borte.

Naturvernforbundet
Mariboegate 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

Sabima
Mariboegate 8
0183 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs
Plass, 0130 Oslo
wwf@wwf.no

Det er elles fleire punkt med raudlistefargar på Artskart (Fig. 1) som ligg mindre enn 300 meter frå omsøkte plantefelt. Ein del (Ca. 5000) av registreringane gjeld fugl som bruker noko meir areal enn registreringspunktet. Ein gjennomgang av artar og om det er sannsynleg at dei kan bli påverka er nødvendig.

Johannes Lid har også vore på Dalvanuten i 1927. Artslista tyder på at det også gjeld sørskråninga med skog. Der er også solblom nemnt, saman med alm. Registreringane tyder på ein ganske rik flora med både lågurtskog og høgstaudeskog.

Dei to artslistene med kring 400 observasjonar frå Johannes Lids besøk i 1927 er opphav til betydeleg kunnskap om eit litt større areal i det aktuelle område, og må nyttast, sjølv om det har gått nokre år sidan observasjonane blei gjort.

Elles viser flybileta frå området eit landskap med betydelege areal med beitemark. Det finst ein naturtypelokalitet Øvrabø med naturbeitemark verdi C. Denne blei påvist som ein del av eit kalkskogprosjekt i 2015. Vi har grunn til å tru at det ikkje blei gjort undersøkingar generelt i området i samband med dette prosjektet. Det er følgjeleg heilt uvisst om t.d. beiteområda mellom dei to omsøkte skogteigane er kartlagd. Det finst heller ikkje noko om kva type hei det er i fjellet nordvest for øvre teig. Fleire av heitypane er raudlista.

Statsforvaltaren karakteriserer beitemarka som innmarksbeite, men det seier ikkje noko om kva dette kan kartleggast som. Viss det er noko av dette som er semi-naturlig eng, så er den raudlista som (VU) sårbar. Ein skal vel heller ikkje utelukke slåttemark (CR) så lenge det ikkje er undersøkt.

Det er også nemnt myr. Det finst fleire typar myr, nokre av dei er raudlista.

Aktuelle treslag og naturgrunnlag

Det er opplyst at det har stått sitkagran heilt eller delvis på dei omsøkte areala. Det er ikkje opplyst kva treslag det har vore før det, eller kva slag naturtypar det er tale om.

Berggrunnskartet fortel om granitt på den øvre teigen, og rikare berggrunn, som amfibolitt, muskovitt/biotitt/marmor på den nedre.

Sjølv om søkjar har hogd sitkagran, er han ikkje pliktig til å plante sitkagran på nytt. Pliktene til planting vil vere oppfylt også med å plante dei treslaga som var på staden før det blei planta sitkagran. Vi viser her til Aichimål 9:

«Innen 2020 er fremmede skadelige organismer og deres spredningsveier identifisert og prioritert, utvalgte organismer er kontrollert eller utryddet, og det er innført tiltak for å kontrollere spredningsveier for å hindre introduksjon og etablering.»

Det er opplyst at det finst furuskog i området. Vidare har det sannsynlegvis vore innslag av edellauvskog.

Spreiing til fjellet

Det er om lag 2 km frå nedre teigen til trelause område rundt Dalvanuten, omtrent berre halvparten frå øvre teig. Dette er godt innanfor den avstanden som er kjent som langdistansespreiing. Vi legg ved ein rapport frå Hustadvika kommune om frøspreiing av lutzgran. Den viser svært tydeleg at det kan bli tale om eit betydeleg tal individ som veks opp. Viktigast er det at dei også kan etablere seg på stader der vi menneske har vanskar med å kome til. Truleg er det ein del område i sørvestlege delen av snauområdet som berre er tilgjengeleg med klatreutstyr. Tre som veks opp i bratte område vil dermed høgst sannsynleg bli opphav til frøspreiing i eit stort område.

Elles ser det ut som det er sameige i fjellområdet (figur 4). Då vil det vere krevjande å få til løyve for å få fjerna rømlingar. Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har t.d. verken oppnådd løyve hos sameigarane eller reaksjon jf. naturmangfaldlova § 21 frå Statsforvaltaren med tanke på å fjerne lutzgrana ved Stemshesten i Hustadvika kommune.

I løpet av 5 tregenerasjonar vil ein då få ei spreiiing som det knapt er råd å få kontroll med sjølv om det blir sett inn ein stor innsats.

Som følge av klimaendringar og endra bruk, går tregrensa opp. Det vil seie at trelause areal minkar. Artar som lever i dei trelause områda vil dermed misse leveområde framover. Ytterlegare attgroing i form av frøspreidd sitkagran vil då forsterke dei negative tendensane. Dette skal vurderast jf. nml. § 10 «*En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.*» Det er altså ikkje berre situasjonen slik han er i dag som skal vurderast. Det vil også vere slik at viss ein no sluttar å plante utanlandske treslag i området, vil areal med utanlandske treslag minke etter kvart som dei blir hogde. Blir det gjeve løyve, vil areala i alle fall ikkje minke, og påverkinga vil vare ved.

Tiltak mot langdistansespreiing

Langdistansespreiing er ein viktig del av risikobiletet. Difor er vilkår i vedtaket spesielt viktig på dette området. Vi finn dette: «*Ved spreiiing til andre eigedommar må skogeigar om mogleg hente inn samtykke frå grunneigarar av nabo eigedommar til å fjerne etablerte planter.*» Når dette er det som står, er det i alle fall to vesentlege manglar.

- Det er ikkje nokon plan B viss ein ikkje oppnår samtykke frå naboar.
- Det er ikkje konkretisert noko om kor langt frå plantefeltet plikta til å fjerne rømlingar gjeld.

Frå søknaden pkt. 10:

Om sitkagran skulle spre seg til hørliggende innmarkbeiter vil disse bli fjerna umiddelbart.

Statsforvaltar har synfart omsøkte areal. Det omfattar ikkje øvre teig, og kanskje ikkje så mykje meir enn eit par hundre meter utanfor omsøkte areal.

Sidan både søkjar og Statsforvaltar verkar å ha ei nærsynt tilnærming til kva areal som kan få spreiring og det ikkje finst noko konkret om det i dokumenta, meiner vi at dette må klargjerast. Ein må då ta utgangspunkt i ei spreingsavstand på minimum 2,5 km, og då er arealet som må ha kontroll ca. 20 km² stort. Når ein reknar meirinntekt med bruk av sitkagran, må ein også ta med meirkostnad med kontroll av eit slikt areal.

Utsegner i søknaden

«Skogeigar opplyser at det var lite hjorteskader i bestanda og at dette er eit problem med gran.»

Dette kan godt vere rett, men dette er ikkje noko argument for å plante sitkagran. Når det er slike skader på vanleg gran, så er det vanlegvis endå større skader på alm, rogn, osp og selje. Dette vil endre skogbilete over nokre få tiår. Det må løysast ved å forvalte hjortedyrstammen slik at bestanden blir betydeleg lågare.

«Vidare opplyser skogeigar at det har vore lite til ingen spreiring i skogområda rundt felta».

Vi har sett slike utsegner før. Nokre gongar kan ein likevel finne ei betydeleg frøspreiring. For ein skogbrukar vil det vere lett å oversjå frøspreiring når ein er vant med å tenkje skogstandard. Då er ikkje nokre dusin planter pr. dekar noko som ein legg merke til.

Andre gongar kan det vere rett at det ikkje er frøspreiring. Vi trur dette kan skuldast bruk av ulike frøkjelder. Viss ein bruker frø frå utlandet, vil dette vere prega på anna daglengde enn frø frå norske bestand. Det kan då tenkjast at det går lengre tid før det kjem to år etter kvarandre som gjev som resultat eit bra frøår i eit bestand med opphav i frø frå Nordamerika.

Uansett må ein rekne med at det blir mykje spreiring, både kortdistanse og langdistanse frå sitkagran.

Det er også sagt noko om sitkagran og karbonfangst. Vi vil gjere merksam på at reknestykka rundt skogen sin karbonfangst er mange og omdiskuterte. Dette kan ein ikkje legge vekt på.

Konklusjon

Det er mykje ubrukt kunnskap i denne saka. Den må takast i bruk, og det er nødvendig å avklare om solblom (VU) framleis finst i området. Det er også nødvendig å kartlegge beitemarka, slik at ein finn ut om noko av arealet er raudlista og truga. Elles manglar det heilt vurderingar kring langdistansespreiring over tid og korleis fjellområdet i nordvest vil bli påverka. Vurderinga rundt fangst av rømlingar frå langdistansespreiring manglar heilt.

Det er i området påvist 3 artar med raudlisting (VU). Areal som ikkje er kartlagd kan ha raudlisting inntil (CR).

Det er gjort greie for at utsetting av sitkagran vil «medføre vesentlige uheldige følger for det biologiske mangfold». Det er følgjeleg ikkje høve til å gje løyve for utsetting av sitkagran, jf. forskrifta § 7.

Oppsetjande verknad av klage

Vi har merka oss at det ikkje er høve til å setje ut planter viss det kjem klage.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
Generalsekretær, Sabima

Marte Conradi
Seniorrådgjevar, WWF Verdens naturfond



Figur 1. Artskart 6.3.2021. Omsøkte område grovt markert med gule ringar. Markeringa i vestre del av øvre teig gjeld eit funksjonsområde for orrfugl. Lids registreringspunkt på Dalvanuten ligg i øverkanten av figuren.




Figur 2. Artskart, funn 17.7.1927 Johannes Lid, lys, stor sirkel, lokalitet «Dalva, Nedstrand». Det er knytt ei artsliste på 176 taksonar knytt til denne sirkelen. Raudlistearter er følgjande

Euphrasia scottica	Wettst.	skotsk øyentrøst	NT
Gentianella campestris	(L.) Börner	bakkesøte	NT
Arnica montana	L.	solblom	VU
Fraxinus excelsior	L.	ask	VU

Rødlistede arter (jf. Henriksen og Hilmo 2015) som skal vektlegges i vurdering av naturmangfold inkluderer alle arter av karplanter, moser, lav og sopp. Nye observasjoner av aktuelle rødlistede arter registreres som artsobservasjoner. Appen Arter kan benyttes som registreringsverktøy. I tillegg til rødlistede arter registrert under feltarbeidet skal rødlistede arter av karplanter, moser, lav og sopp registrert i kartlaget "Art nasjonal, uttrekk" i NiN-web vektlegges. Bruk av kartlaget i felt krever nettdekning. Før en tidligere registrert artsforekomst får vekt i en naturmangfoldvurdering skal det gjøres en vurdering om artsforekomsten fortsatt kan være gyldig. Funnstedet for arten skal oppsøkes, men det er ikke et krav at arten observeres ved feltarbeidet for at den skal kunne inngå i naturmangfoldvurdering. Dersom arten blir gjenfunnet, skal det registreres i appen Arter. Dersom lokaliteten, hvor arten tidligere ble registrert, har forsvunnet eller gjennomgått store tilstandsendringer slik at artsforekomsten sannsynlig har forsvunnet, skal arten ikke inngå i vurdering av naturmangfold.

For lokaliteter der alle kategorier av rødlisterarter er satt til 0 skal det spesifiseres i tekstlig beskrivelse: "Ingen rødlisterarter ble registrert og ingen rødlisterarter er kjent fra før." For lokaliteter med tidligere forekomster som ikke er gjenfunnet, og det er vurdert at artsforekomsten sannsynlig har forsvunnet, skal det spesifiseres i tekstlig beskrivelse: "Ingen rødlisterarter ble registrert og tidligere kjente forekomster ble vurdert til sannsynligvis å ha forsvunnet."

Figur 3. Frå Kartleggingsinstruks - Kartlegging av terrestriske Naturtyper etter NiN2, versjon 29.1.2021



Figur 4. Gislink 6.3.2021. Nedre lokalitet markert med blått, øvre lokalitet midt på svart tekstfelt.